

Intervju sportssjefer – Delprosjekt 3 – Konsekvenser for toppidretten ved endring av greinstruktur

Onsdag 5. feb: Jan Erik Aalbu **hopp**, Ivar Stuan **kombinert** og Martin Bartnes **randonee**

Innleiing bakgrunn:

Bestilt kartlegging av greinstruktur og søke å endre struktur om dette gjer organisasjonen meir økonomisk berekraftig og like godt/eller betre fungerande mot oppgåvene ein løyser.

Dei tre handlemåtane me vurderer:

1. *«Nordiske greiner» (hopp, kombinert, langrenn)*
«Alpine greiner» (freeski, alpint, randonee og telemark)
2. *Organisert som i dag i 7 greiner*
3. *Langrenn*
Hopp og kombinert
Alpint og freeski
Randonee og telemark

Kombinert:

Å slå saman hopp og kombinert kan virke tilsynelatande naturleg på fleire områder. Det same med langrenn mtp. på øvelsane, men det er av mange grunnar vanskeleg å konkretisere fordelar med ei slik samanslåing.

- Det er for ulike rennprogram på toppnivå til å dra nytte av kvarandre i stor nok grad under rennsesongen.
- Kombinert samarbeider i dag med hopp om rekruttcup og enkelte NC.
- Markedsmessig, så vil ikkje kombinert kunne dra noko meir nytte av hopp eller motsatt. Det kan vere meir å hente i langrenn, men Kombinert har eit godt økonomisk og markedsmessig fundament gjennom samarbeid med andre nasjonar, sponsorinntekter og olympiatoppen på eigen kjøp og med arbeid bygd opp over år.
- Kombinert har meir enn dobla si omsetning dei siste 6-7 åra.

Av alternativa som er skissert, så er det eit klart ynskje å halde strukturen som den er i dag. Om samanslåing vert vurdert, så er det mest nærliggande å tenke Nordiske

greiner i ein struktur og ikkje berre hopp/kombinert. Men ein slik prosess vil krevje eit stort og omfattande arbeide for å kunne realiserast.

Rekruttering er greinavhengig i stor grad (tradisjonelt).

Hopp:

Ser ikkje for seg samarbeid med langrenn. Andre nasjonar har slått saman sportsleg leiing innanfor hopp og kombinert. Det er fleire arrangement der det i dag kan samarbeidast meir og utnytte ressursar innanfor service.

Det er viktig med «passion» for grein, noko som er lettare å sjå for seg innanfor dagens greinstruktur.

Med tanke på rekruttering så kan ein hoppar bli kombinertutøvar ein langrennsløpar kan ikkje bli hoppar.

Hopp ser for seg at det beste er dagens struktur etterfulgt av ein eventuell samanslåing med kombinert og det dårlegaste er nordiske greiner.

Randonee:

Ønskesituasjonen til randonee som grein er å få likestilt status som dei andre greinene i 7 ulike greiner.

Om ikkje det skulle bli ein realitet, så vil det for randonee vere best med strukturen nordiske og alpine greiner. Ressursutnyttinga er betre i ein todeling. Større apparat som kan gje betre hjelp til små greiner.

Det vert to alt for små greiner om telemark skal vere greina randonee eventuelt vert slått saman med.

Kvar grein lever sitt eige liv innanfor særprega greinene har.

Diskusjon:

Jan Erik: NSF er vanskeleg som særforbund med tanke på dei 7 greinene som ikkje kan samanliknast med andre særforbund som er meir einsretta i fokus.

For alle 3 greinene så er det viktig å ha som ein føresetnad at alle strukturelle grep som samanslåing av greiner eller samarbeid ikkje på noko vis reduserer enkeltgreinene sin representasjon eller påvirkning i NSF sin organsiasjon. Det er difor med utgangspunkt i praktiske forbetringar for enkeltgreinene og ikkje at enkeltgreinene risikerer (spesielt dei mindre) vert redusert i politiske diskusjonar/makt.

Kombinert står best aleine i dagens organisering. Det er fleire områder der utgifter kan kuttast om fis legg forholda til rette. Dette gjeld t.d. skismurning (felles smurning) og kles- og utstysreglement.

Det er innanfor landslagsaktivitet og aktivitets/rennkalender vorte større omfang for hopp og kombinert med damelag i begge greiner.

Det er veldig separerte rennprogram internasjonalt. Dette gjer eit samkøyrte opplegg mellom greinene enda vanskelegare.

Bakkestørrelser under konkurransane er det stor forskjell på med tanke på kombinert dame/herre og hopp dame/herre. Det gjer arrangementsgjennomføring på same stad ytterligere krevjande.

Intervju sportssjefer – Delprosjekt 3 – Konsekvenser for toppidretten ved endring av greinstruktur

Måndag 10. feb: Christoffer Schacht - **Freeski**

Innleiing bakgrunn:

Bestilt kartlegging av greinstruktur og søke å endre struktur om dette gjer organisasjonen meir økonomisk berekraftig og like godt/eller betre fungerande mot oppgåvene ein løyser.

Dei tre handlemåttane me vurderer:

2. *«Nordiske greiner» (hopp, kombinert, langrenn)*
«Alpine greiner» (freeski, alpint, randonee og telemark)
3. *Organisert som i dag i 7 greiner*
4. *Langrenn*
Hopp og kombinert
Alpint og freeski
Randonee og telemark

Dei 3 alternative forslaga vurderast opp mot forutsetningar for rekruttering, økonomi og toppidrett.

Freeski:

Økonomi:

- Freeski kunne hatt mykje å lære rundt sponsorat, men trur ikkje att det hadde kome meir økonomi totalt sett om ein hadde slått saman greinene.
- Trur at det er greinene som er motivasjonen for sponsorat og ikkje NSF som eining eller samanslåtte greiner.
- Greina styrer sparetiltak og økonomi innanfor reise/opphald på ein slik måte at det ikkje er noko å hente ved ei eventuell samanslåing.
- Samarbeid og effektivisering innanfor ulike områder bør styrast i prosjektform, der fleire greiner kan ha positive effektar. Ikkje som ein heilhetleg samanslåing av grein.

Rekruttering:

- Gjennom omorganiseringen frå utviklingsavdelinga til at greina Freeski sjølv har fått ansvaret og ressursar til å gjere rekrutterings- og breiddearbeidet, så har freeski på ein god måte utvikla kontakt og satt i gang konkrete og gode prosjekt i lag med klubb/krets og skiklubb utviklarane gjennom dei siste 5 åra.
- Kulturen og identiteten er viktig for å ivareta freeskis egenart.

Toppidrett:

- Sliter med å sjå at me sparer noko på å slå saman greiner, uansett kva greiner me slår saman.
- Trenerkapasitetane vil nødvendigvis vere greinspesifikke. Det er difor ingen stordriftsfordelar der uansett.
- Freeski har lite utgifter på helseområdet, der ein har nytta kontaktar og held det på eit minimum.
- 2 ressursar til toppidrett
- 1 ressurs til breidde
- 1 til alt - sportssjef
- 0,4 til arrangement.

Diskusjon:

- Når freestyle hadde 3 øvelsar i freestylkomiteen, så vart det opparbeida eit råd, som låg under komiteen for å sikre at det var eit dedikert arbeid for kvar interessegruppe og ikkje at alt skjedde i ein samla komite som skulle dekke alle 3. Det var stor forskjell i innhaldet mellom dei ulike aktivitetane.
- Om freeski skulle slått seg saman med alpint, så ville freeski følt seg nedprioritert. Maktbalansen ville ført til interessekonflikt pga. Størrelsesforholdet mellom greinene.

- Motivasjonsboosten ein får av å arbeide i eigen grein med aktivitetar som ein brenn for vil kunne forsvinne om ein vert samla opp i ein større eining utan same påvirkningskraft for nettop denne greina.
- Freeski føler at samarbeidsklimaet mellom grein er godt. Det er lav terskel for å ta kontakt og søke utvikling og samarbeid.
- Om det kjem eit forslag på bordet som freeski genuint ser potensiale i innanfor struktur, så vil freeski vere positiv. Det er derimot ikkje bra om ein gjer endringar for endringa si skuld.

Kor viktig er det å ha ein komite i freeski?:

- Så lenge det er organisert slik det er i dag, så er det viktig å ha ei stemme i frå idretten inn i styret mellom skitinga.
- Har eit ynskje om at sportssjef/grein har talerett på tinget (ikkje stemmerett) for å kunne opplyse og løfte fram/klargjere saker og innhald.

Intervju sportssjefer – Delprosjekt 3 – Konsekvenser for toppidretten ved endring av greinstruktur

Måndag 10. feb: Cathrine Instebø og Ulf Morten Aune **langrenn**

Innleiing bakgrunn:

Bestilt kartlegging av greinstruktur og søke å endre struktur om dette gjer organisasjonen meir økonomisk berekraftig og like godt/eller betre fungerande mot oppgåvene ein løyser.

Dei tre handlemåtane me vurderer:

3. «*Nordiske greiner*» (*hopp, kombinert, langrenn*)
«*Alpine greiner*» (*freeski, alpint, randonee og telemark*)
4. *Organisert som i dag i 7 greiner*
5. *Langrenn*
Hopp og kombinert

*Alpint og freeski
Randonee og telemark*

Dei 3 alternative forslaga vurderast opp mot forutsetningar for rekruttering, økonomi og toppidrett.

Langrenn:

Identifisering av risikoen for langrenn.

- Kulturelle og organisatoriske forskjellar. Utfordrande og forene å skape ei merkevare. – Konflikhtar rundt prioriteringar og organisatoriske forhold.
- Langrenn kan i ein samanslåande situasjon dominere for mykje dei mindre greinene.
- Identitetstap. Felles grein, stor risiko for å miste egen greinidentitet
- Særpreg og autonomi. Store forskjellar i utøvelse og kultur/tradisjon mellom greinene
- Komplisert styring. Rapportering og beslutningsprosessar som kan gå tregare.
- Skigreinene er knytt opp mot engasjement, frivillighet og eigarskap.

Økonomi:

- For langrenn, så er det ikkje identifisert noko område der ein kan spare ressursar i ein situasjon der ein slår i saman greiner.
- Meir byråkrati/oppfølging
- Kombinert og langrenn har i dag eit samarbeid innanfor praktiske område, som bil, smurning og arrangement. Dette har ikkje noko med greinstruktur, men samarbeid mellom greinene og fungerer godt.
- Ei felles nordisk grein er ikkje ei etablert merkevare og neppe noe å bygge vidare på kommersielt.

Ulf Morten Aune:

- I Sveits har dei fleire greiner under same paraply. Fungerer etter hans meining berre delvis.
- I Sverige har dei ein fullstendig profesjonalisert måte å styre skiidretten og skiller seg i betydeleg grad i forhold til Norge med omfang og styrke. Der har dei små greinene fått lide.
- Det demokratiske systemet i Norge kan virke tungvindt og omstendelig, men styrken av skidemokratiet avgjerande å halde på.
- I ein omstrukturering av greinene og kor generalsekretær får ein meir sentral rolle er han skeptisk til.
- Å overføre den økonomiske styringa frå langrennskomiteen til til generalsekretær er de sterkt i mot.

Rekruttering:

- Skape lokalt engasjement og samarbeide med kretsane.
- Frå tidlegare organisering med eigen utviklingsavdeling, har langrenn dårleg erfaring. Der er dagens organisering med regionale skiklubbutviklarar betre.

Toppidrett:

- Greinene har god kommunikasjon. Ofte møter i mellom sportssjefer. Aktuelle tema og rådføring er det lav terskel for å initiere.
- Det er ingen som har ytra ønske om greinsamanslåing blant greinene i formelle eller uformelle fora blant sporstsjefane.
- I ein hektisk kvardag vert det i «utøvande» i toppidretten gjennomført samarbeid om smurning og andre praktiske ordningar, spesielt med kombinert, der det er felles rennkalender (som er sjeldnare nå enn før). Godt samarbeid der dette er hensiktsmessig.
- I sesong er det meir fokus på eigen grein – gitt at kvar grein har så ulike oppgåver.

Diskusjon:

Greinkomiteen rolle?

- Langrennsledelsen ser på langrennskomiteen som ein stor ressurs og som ein god «temperaturmålar» på kva som er signala og behova i organisasjonen.
- Viktig å ha ein greinkomite som har innsikt og kompetanse om langrennsnorge og at det er god representasjon frå ulike distrikt og miljø.
- Utan langrennskomite så mistar ein forankring i ski-Norge.